



STENDAL VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Dispensasjon - Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde - slamtørkeanlegg - Langenes - Stendal VVS

Dokument i saka

- Søknad frå Stendal VVS AS v/ Thormod Stendal datert 06.12.2022 med vedlegg
- Forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde i Alver og Austrheim kommunar, Vestland fylke, datert 26.06.2020
- Naturmangfaldlova

Søknaden

Vi viser til søknad frå Stendal VVS v/ Thorleif Stendal datert 06.12.2022 om dispensasjon frå verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde for å etablere eit minireinseanlegg for ei hytte på G og B på gards- og bruksnummer 60/25 i Alver kommune. Røyrleidninga ut i sjø er rekna om lag 25 meter lang og vil medføre utslepp ut i Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Hytta vart bygd mellom 1975 til -77 og det har fram til no vore brukt kaggedo, då hytta ikkje har hatt innlagt vatn. Det er ønskje frå grunneigarane om auka standard på hytta. Det er planlagt eit påbygg på hytta med baderom. Det er ønskje om å etablere eit minireinseanlegg med utslepp mot sjø, noko søkjar meiner vil kunne gje betre kontroll og mindre risiko for forureining frå avrenninga av gråvatnet. Søkjar vil installere eit slamtørkeanlegg som inneberer at det ikkje er naudsynt med slamtømming då slammet etter tørkeprosessen er reint bioavfall, og Stendal VVS skriv i søknaden at utsleppet frå minireinseanlegget vert ansett å vere nærast lik null i utslepp.



I verneforskrifta § 3 står det at i det marine verneområdet må ingen setje i verk noko som skader verneverdiane nemnt i verneføremålet. Både vegetasjonen og dyrelivet er verna mot skade og øydelegging. Området er verna mot tiltak og inngrep som kan skade verneverdiane som t.d. (vår understreking) etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, legging av røyrleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøying av vassmassar og oppankring. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmende.

Verneforskrifta § 5 b seier at forvaltningsstyresmakta kan gje dispensasjon frå verneforskrifta til legging av kablar og røyrleidningar, så langt som mogleg samla i korridorar. Nedgraving av slamavskiljaren og tilkopling av røyret er aktuelt utanfor vernegrensa, men det meste av den omsøkte røyrleidninga, i tillegg til utsleppet av avløpsvatnet, ligg innanfor i verneområdet, og må såleis få dispensasjon.

Verneforskrifta § 5 f seier at forvaltningsstyresmakta kan gje dispensasjon til tekniske tiltak som inneberer små inngrep på botn og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane inkl. vassutskifting og straumforhold nemneverdig.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Verneføremålet i Lurefjorden og Lindåsosane er å ta vare på eit unikt fjord og pollsystem. Det er ein djup og mørk fjord, og all utskifting av vatn går over tre grunne tersklar. Dette førar til at Lurefjorden i lange periodar er eit oksygenfattig marint økosystem, og gjer det også sårbart for ureining. Fjorden er generelt ein dårleg resipient fordi det er så sein utskifting av vatn. I naturbase er heile sjøarealet her gitt verdi som nasjonalt viktig gyteområde for torsk. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad.

Verneforskrifta opnar opp for nye røyrleidningar, gjerne samla i ein trasé. Vi er ikkje kjent med andre leiing- eller kabeltraséar der dette tiltaket kan leggjast i lag (nml § 10). Med spreidd busetnad vil det vere upraktisk å krevje felles trasé med mindre dei ligg svært nære kvarandre. Også sjølve utsleppet til sjø føreset normalt dispensasjon frå verneforskrifta. I dette tilfellet finst ingen dispensasjonsheimel i den aktuelle forskrifta, ein må då heimle vedtaket i naturmangfaldlova § 48. I nett denne saka er likevel utsleppet heilt marginalt og vil vere ei klår betring samanlikna med den løysinga eigedomen allereie har, så vi vel å handsame søknaden berre etter verneforskrifta § 5b.

Alle tiltak som vedrører natur skal vurderast opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova, §§ 8-12, også dispensasjonar frå verneforskrifter. I dette tilfellet vurderer vi påverknaden på det marine verneområdet å vere svært liten, truleg heller ei betring samanlikna med den løysinga som er på staden i dag. Vi har ikkje detaljkunnskap om naturmangfaldet i det konkrete tiltaksområdet, men er ikkje kjende med at det finst spesielt sårbare naturførekomstar her. Vi vel å sjå det slik at vi har tilstrekkeleg kunnskap om marine tilhøve i denne fjorden til å kunne avgjere saka ut i frå storleiken på tiltaket, jf. naturmangfaldlova § 8. Dermed er det mindre aktuelt å stille krav etter § 9.



Tiltaket er lite, og det gir mindre utslepp til det marine miljøet enn i dag. Dermed er det ikkje snakk om auka samla belastning (§ 10). §§ 11 og 12 er også innfridd, ettersom kostnadane vert dekt av tiltakshavar og teknikken er vurdert å vere miljøforsvarleg.

Vedtak

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket etter verneforskrifta § 5b og godkjenner søknaden på vilkår. Føresetnaden er at tiltaket også er godkjent av kommunen etter forureiningsregelverket, og at det ikkje er i strid med gjeldande føringar etter plan- og bygningslova. Vedtaket gjeld utelukkande etter verneforskrifta og vedrører ikkje eventuelle privatrettslege tilhøve.

1. Røyrleidninga skal bli lagt i trasé der den ikkje øydelegg viktige naturførekomstar.
2. Statsforvaltaren gir *ikkje* løyve til terrengtilpassing i form av sprenging, graving, mudring eller anna tilsvarande anleggsarbeid på sjøbotn i verneområdet.
3. Dersom bruk av røyrleidninga opphøyrer, skal det bli fjerna og levert godkjent anlegg/mottak.
4. Alt avfall frå tiltaket skal leverast godkjent mottak, og sjøbotn rundt røyrleidninga skal være fri for avfall.

Dette er eit einskildvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltingslova. Eventuell klage skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast om Statsforvaltaren i Vestland, og må vere sendt innan 3 veker etter at klagar er kjend med vedtaket.

Med helsing

Stein Byrkjeland
fagdirektør

Maria Knagenhjelm
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statens Naturoppsyn
Alver kommune
Sveinung Ryland

Postboks 5672 Sluppen
Postboks 4
Balane 30

7485 TRONDHEIM
5906 FREKHAUG
5108 HORDVIK